



NR. 4

SEPTEMBER 2005

38.ÅRG.



## Soknerådsvalet 2005

**Valdagar:** Ytre Arna kyrkje 9. og 23. oktober  
Arna kyrkje 9. og 16. oktober  
Trengeid kapell 16. oktober

**Førehandsrøysting ved kyrkjekontoret i perioden 26. september til 7. oktober**  
For meir informasjon, sjå s.2



# Mens vi venter...



Jeg vet at mange kristne venter på å få oppleve vekkelse i Arna, men hva gjør vi på mens vi venter?

I sommer leste jeg flere bøker som Marie Monsen har skrevet. En av bøkene heter: "Vekkelsen ble en Åndens aksjon" og handler om vekkelsene som hun var med på som misjonær i Kina. Boken handlet om vekkelse, men ordet jeg satt igjen med når siste side var lest, var: "bønn". Den hadde minnet meg på

hvor viktig det er å be om vekkelse. Dette tror jeg nesten er en selvfølge for de fleste kristne, men så blir det ofte ikke slik likevel. Det blir lett at en styrer på med å drive det kristne arbeidet, og presser bønn inn her og der dersom en får tid. Bønn kommer liksom ofte i andre rekke. Sannheten er derimot at bønn er viktigere en noe annet.

Etter å ha lest boken til Marie Monsen begynte jeg å be om noe som jeg aldri har bedt om før, en bønnevekkelse. Bønn om at jeg og andre kristne i Arna må sette bønn øverst på prioritetslisten. Jeg tror at dersom de ufrelste er vår største nød, og bønn vår største prioritet vil vi få oppleve vekkelse i Arna.

"Jeg plantet, Apollos vannet; men Gud gav vekst." Skriver Paulus i 1 Kor 3,6. Vi kan holde på med alle mulige slags aktiviteter i kirken og på bedehuset, men vekst og vekkelse får vi aldri uten å be til Gud om det, for det er bare Han som kan gi vekst og vekkelse i Arna. "Uten meg kan dere intet gjøre" Joh 15,5

Arna trenger vekkelse! Husk å be mens du venter! Kanskje blir du en del av svaret på vår bønn.

Be stadig (1 Tess 5,17) for Arna!

Hilsen Arne Vesetvik

## Meir om soknerådsvalet

Kva er viktig for kyrkjelydane våre?

Kven kan vera med å påverka avgjerder?

I oktober kan DU vera med å velja nytt sokneråd!

Røysterett har kvart medlem av Den norske kyrkja

- som bur i soknet
  - som fyller 18 år innan 31.12.2005
  - som ikkje er frå dømt røysteretten
- Er du i tvil om røysteretten din, ta kontakt med kyrkjekontoret. Mantalet vert lagt ut til gjennomsyn i tida 5. – 23. september.

## Viktig informasjon fra Åsane kirkegårdsdistrikt

**Gravfelt G00 & C00 på Arna kirkegård skal taes i bruk på nytt. Feltevene skal fortsatt brukes til kistegraver. Etter §9 i lokale vedtekter for kirkegårdene i Bergen kan graver festes utover fredningstiden mot betaling av fastsatt avgift. Avgiften må være betalt innen 30.12.2005**

Ustyr på graver som ikke er festet vil bli kjørt bort, dersom de pårørende ikke har hentet det innen 30.12.2005. Gravkarmer, innramminger o.l tillates ikke satt opp igjen.

### Generell informasjon

Åsane kirkegårdsdistrikt er ett av fem distrikter i Bergen og forvaltes av Bergen kirkelige fellesråd. Dette distriktet består av Åsane, Eidsvåg, Salhus, Biskophavn, Arna, Mjeldheim og Takvam kirkegård. Kontoret er lokalisert i Åsane ved Åsane gamle kirke. Det er 7 kirkegårdsarbeidere som har arbeidssted i Åsane kirkegårdsdistrikt og disse er ansvarlig for alle begravelser, urnedsettinger samt vedlikehold på kirkegårdene innen distriktet.

Kirkegårdsleder Hege Christiansen har kontortid mandag-fredag fra 09.00 til 12.00 og kan kontaktes på tlf. 55 308155

### Rettighet til grav og feste

I følge Gravferdsloven har alle avdøde personer som hadde bopel i kommunen rett på fri grav.

Bergen Kirkelige fellesråd kan i tillegg til dette inngå avtale om feste av grav en grav ved siden av i 20 år mot en festeavgift. Et feste opphører når festetiden er ute. Når feste opphører, gis festeren om mulig anledning til å fjerne gravminnet. Det som ikke er fjernet fra kirkegården innen 6 mnd etter at festet er opphørt, tilfaller kirkegården. Gravminner av kunstnerisk eller kulturhistorisk verdi blir om mulig stående på kirkegården.

Enkle festegraver og festede dobbelgraver kan ikke fornyes (festes) med mer enn

20 år frem i tid. Dette gjelder både urne og kistegraver. Dersom en grav har lagt i 60 år fra sist gravlagte, må det søkes kirkevergen spesielt om å få beholde den videre.

### Gravstellsavtaler

Gjennom en gravstellsavtale kan kirkegården tilby planting og vedlikehold av gravene slik at de framstår velstelt gjennom hele året. En gravstellsavtale inneholder generelt vedlikehold som stikking av kanter, påfyll av jord og veksttorv, ompading av bed, gjødsling, luking, vanning, samt rydding om våren og fjerning av utblomstrede planter. I tillegg plantes det 2 ganger; første gang til 17.mai og andre gang i juni.

Gravstellsavtalen kan finansieres på to måter:

- Årsavtale- Tilsendt regning en gang i året på de tjenester og varer som er bestilt (forskuddsvis betaling)
- Gravlegat - Innbetaling av et større beløp som forvaltes av Bergen Overformynderi på en rentebærende konto. Graven stelles årlig etter avtale så lenge det er midler på legatet.

I tillegg kan kirkegårdene i Bergen tilby:

- Utlegging av krans til jul
- Planting av påskeliljer om våren
- Pynting med lyng om høsten
- Plassering av buketter
- Feste av løse gravminner
- Oppretting avgravminner
- Sletting av graver

Hilsen Hege Christiansen  
kirkegårdsleder i Åsane distrikt.



## Litt om hausten i Ytre Arna:



# Godt nytt år!

**E**g veit godt at det ikkje er vanleg å seie slikt på denne årstida, men likevel: For meg kjennest det som eg tek til på eit nytt år no. Det er no vi tek til med eit nytt konfirmantkull. Det er no aktivitetane startar opp att i kyrkje, lag og alle slags organisasjonar. Og borna har nett teke til på eit nytt skuleår. Så i det eg seier Godt nytt år til Ytre Arna kyrkjelyd, vil eg gjerne skrive nokre ord om hausten som ligg framfor:

### Borna i gudstenesta

Sist skuleår vart vi kjende med Kanille og Joffen, søndagsskulen sine maskotar, som hadde det med å gøyeme seg bort på ulike stader i kyrkja. Denne hausten går vi eit par steg vidare for at borna skal kjenne seg heime i kyrkja. Dei første minutta av gudstenesta skal vere borna si gudsteneste. Dei vil delta i prosesjon, songane vi skal syngje skal vere mest barnesongar, og det blir ei kort andakt for borna. Deretter går borna ned på bedehuset der søndagsskulen held fram med ulike aktivitetar. Vi håpar at både born og foreldre vil ha glede av dette. Vi vil at alle generasjonar skal kjenne seg heime i gudstenesta!

### Alpha-kurs

Vi håpar mange blir med! Ei enkel og praktisk undervisning i kristen tru og kva det vil seie å vere kristen i dag. Kurset passar for alle. Nokre veit ikkje heilt om dei er kristne eller vil vere det, men kunne tenke seg å lære litt og samtale med andre om livets store spørsmål. Andre har levd med barnetrua si i alle år, men kunne tenke seg å lære litt meir og høyre korleis andre tenker om dette med tru og Gud. Og mange trufaste kristne har opplevd at Alpha har vore til glede og inspirasjon. Bli med på Alpha-festen tysdag 13. september kl 19 på bedehuset som gjev ein god smakebit av kva Alpha er, og så kan du sjølv avgjere om du blir med vidare på tysdagskveldane utover hausten. Sjå elles brosjyren som ligg ved kyrkjelydsbladet.

### Orgelsaka

Dei som har fylgt med i Bygdnytt, har sett at fylkesmannen vender tommelen ned for å la midlane i Alf Bondes utdanningsfond gå til nytt orgel i Ytre Arna kyrkje, og mange lurer på korleis det går med orgelsaka. I midten av september vil soknerådet og

orgelkomitéen sette seg ned saman og drøfte stoda slik ho er i dag. Skal vi halde fram med det opphavlege prosjektet, eller kan det finnast rimelegare, tenlege løysingar? Vi håpar å kunne seie meir om utviklinga i saka seinare på hausten.

### Korsong

Kyrkjelyden driv tre kor: Ytre Arna barne-gospel, ungdomskoret "Koret på sporet" og Ytre Arna kyrkjekor. Alle tre kora er gode, driv godt, og kan også ta i mot nye songarar. Desse tre kora skal delta regelmessig på gudstenestene i haust. Når vi så forsterkar med Arna kyrkjes kammerkor på gudstesta den 25. september og med Musikklaget frå bedehuset som skal delta den 9. oktober, ja då har vi kor med oss på dei aller fleste gudstenestene i haust. Det ein stor rikdom å ha så mange gode songkrefter som hjelper oss å lyfte songen til Gud!

### Val av nytt sokneråd

I oktober skal vi velje nytt sokneråd for dei neste fire åra (sjå informasjon om valet ein annan stad i bladet). I skrivande stund er lista på kandidatar nesten klar, og det er ingen tvil om at vi også i neste periode får eit godt sokneråd som vil leie arbeidet i kyrkjelyden på ein utmerka måte. Noverande sokneråde har i år teke til arbeidet med eit prosjekt for utvikling av kyrkjelyden, men før vi går vidare med det, skal prost og biskop få uttale seg. Vi vil sjølvsagt informere meir om dette seinare.

### Framtida er ukjent landskap

Dette har eg sagt til alle som eg har via i sommar, men det gjeld også for oss som kyrkjelyd. Men reisa inn i framtida er også eit møte med ein trufast Gud som står ved alle sine lovnadar. Det blir ein spanande haust. Og snart er det Jul. Og då skal vi på nytt ynskje kvarandre Godt nytt år!

Kapellan Arne Mulen

*Velkommen til*  
**Kyrkjelydsfest**  
**i Arna kyrkjelydshus fredag 28. oktober kl 19.00.**

Det er den tradisjonsrike "medarbeidarfesten" som med dette trer fram i ny skapnad. Festen er ikkje lenger berre for "dei utvalde", men for alle som har lyst. Vi ynskjer framleis å gjennom festen gi ei oppmuntring til alle som står på i ulike tenester – ofte år etter år. Men vi ynskjer òg å stilla spørsmålet: Kva vil det seia å vera kyrkje? Vi vil pussa støvet av den visjonen som skal prega arbeidet i Bjørgvin bispedømme: "Saman vil vi gjera Kristus kjent, trudd, elska og etterfylgd". Og særleg vil vi stansa opp ved det som er satsingsområdet for den komande perioden: "Saman som medarbeidarar".

Festtalen er ved Jan Kåre Jakobsen. Elles ulike innslag av ulik karakter. M.a. blir Kammerkoret med.

**Påmelding/ opplysningar:**  
**Kyrkjekontoret tlf 55 36 22 70**  
**innan 21. oktober.**

Alle som kjem, tar med eit bidrag til koldtbord.



# Velkommen til PREP kurs høsten 2005 på Sjelesorgsenteret Haraldsplass

Kurs 1: 22.09 kl.18-22, 23.09 kl.18-22 og 24.09.05 kl.10-15

Kurs 2: 17.11 kl.18-22, 18.11 kl.18-22 og 19.11.05 kl.10-15

## PREP – en investering i samlivet.

### Bakgrunn for PREP :

PREP ble til ut fra et ønske om å hjelpe par til å ha større glede av forholdet sitt, eller å finne tilbake til spenningen og gleden de hadde da de først ble sammen. Kurset ble laget for å kunne gi par et verktøy til å forbedre kommunikasjonen i forholdet, og å sette søkelys på hva som kan styrke forholdet.

PREP er en forkortelse av den amerikanske betegnelsen: "Prevention and relationship Enhancement Program". På norsk kan det forklares som et forebyggende program som har som mål å fremme gode parforhold. PREP programmet er utviklet ved University of Denver. Professorene Howard Markman og Scott Stanley står bak programmet faglig og metodisk.

I Norge er det Samlivssenteret Modum Bad som har bearbeidet PREP for norske forhold.

PREP er ingen terapeutisk tilnærming til samliv eller deling av private anliggender. Det er et pedagogisk opplegg med korte foredrag og oppgaver for parene enkeltvis. *Ingen trenger å være redd for at man skal fortelle andre om sitt samliv.*

Undervisningen er felles, men parene jobber hver for seg med temaene som legges fram.

PREP er altså først og fremst for de som ønsker nye perspektiver på kommunikasjonen i forholdet.

- Par som ikke har vært sammen så lenge kan få hjelp til gode kommunikasjonsvaner fra starten av forholdet.
- Par som har levd sammen en god stund

kan få hjelp til å bryte med dårlige mønstre i kommunikasjonen og stimulere det som er godt i samlivet.

### PREP er basert på forskning

PREP er bygd på mer enn 20 års forskning om hva som skaper gode relasjoner. Fordi PREP er fundert på forskning, og ikke på antakelser, vet vi at programmet hjelper par med å bygge sterke og gode samliv og ekteskap.

### Samlivet – et risikofylt prosjekt

I mange av livets risikofylte aktiviteter krever samfunnet at vi har den nødvendige kursingen for å delta. PREP er ingen sertifisering for samlivet, men vi trenger alle å utvikle og forbedre oss når det gjelder å verdsette de viktigste personene i våre liv. Dette er en god mulighet for par til å tilegne seg kunnskap og ferdigheter som kan gi økt glede av ekteskap og samliv.

### Tema på PREP kurs:

- **Fire faresignaler**  
Forskningen har funnet fram til hovedårsakene til at samlivet blir vanskeligere eller rett og slett ødelagt. På kurset vil disse fire faresignalene bli presentert og det gis undervisning i hva dere kan gjøre for å minske dem.
- **Effektiv kommunikasjon**  
Mange av problemene i samlivet blir forsterket pga. at ektefellene snakker forbi hverandre. PREP lærer dere å kommunisere på en trygg måte, og håndtere uenigheter og konflikter.
- **Nyt de gode stundene**  
Lær om hvordan dere kan stimulere vennskapet og gleden midt i den travle hverdagen.

- **Viktige verdier**  
Bevisstgjøring på viktige temaer som verdier og livssyn, intimitet og seksualitet, tilgivelse, hengivenhet og forpliktelse.
- **Veiledning på metoden**  
Når du og partneren din trener på kommunikasjonsteknikken, vil dere få mulighet til å få hjelp av veileder.

**Pris pr. par: Kr.1900** (inkluderer kursavgift, kursbøker, kaffe, te, bevertning).

**Kursledere:** Medarbeidere tilknyttet Sjelesorgsenteret. Kursledere har gjennomgått Samlivssenteret Modum Bad sitt kurslederkurs for PREP.

Dersom du ønsker å vite mer om PREP, eller å melde deg på et av kursene høsten 2005 kan du ta kontakt med Sjelesorgsenteret på telefon 55 97 96 16 mellom kl.8.00-15.00 eller e-post: rest@haraldsplass.no

## Salmekveld i Arna kyrkje

**Sundag 16. oktober** inviterer Arna kyrkjes kammerkor til salmekveld i Arna kyrkje. På programmet står salmar av Svein Ellingsen. Ellingsen er ein av dei absolutt største no levande salmediktarane våre, og er rikt representert både i Norsk salmebok og Salmer 97. Kammerkoret vil ta oss med på ei vandring gjennom ein del av Ellingsen sitt forfatterskap.

Koret vil ta fram både kjende og ukjende Ellingsen-salmar, og opna eit skattkammer for oss. Sjølv sagt vil det òg bli høve til å syngja i lag med koret. Trine Daviknes dirigerer, kantor Christopher Briggs sit på orgelkrakken, og sokneprest Jan Kåre Jakobsen vil knyta det heile saman. **Salmekvelden begynner kl 19.00.**

## Ny medarbeider



**Arne Vesetvik** starta i august som "ettåring" i Ytre Arna kyrkjelyd. I skuleåret 2004-2005 var han elev ved Bibelskulen i Grimstad. Han skal vera med i konfirmantarbeidet, og ellers i ungdomsarbeidet. Han skal og undervisa i norsk ved asylmottaket i Ytre Arna. Vi ser frem til samarbeidet.

## OPPSTART PÅ NATTCAFE

Heisann alle saman.  
No vert da oppstart på Nattcafeen Den store dagen er

**Laurdag 03.09.05. kl.19.30.**

Da vert Nattcafé den **første laurdagen i kvar måned**. Vi satse på ein BRA sesong med mykje liv og røre. Da vert **møtedel kl. 19.30**. Cafè delen begynne kl 21.30

Vi er ein god gjeng som drive Nattcafé i år bl.a. Ungdomsarbeidarane i kyrkja pluss ein del frivillige ungdommar.

Me håpe du har lyst og stikka innom oss på Nattcafeen og sjå kva so skjer. Me håpe og at du vil vera med i forbønn for nattcafeen.

*Ungdomsarbeidar Jarle Myksvoll*





Sjå kor  
fint  
det vart!

Arna kyrkje står no ferdig etter ei sårt tiltrengt oppussing utvendes.



Misjonærbesøk i Ytre Arna  
MØTE MED MALINKÉ-FOLKET I MALI

*Vi inviterer til*  
**misjonssamling**

I YTRE ARNA BEDEHUS  
Torsdag 13. oktober kl. 19.00

**D**enne kvelden får vi besøk av Mali-misjonær Hølje Haugsjå. Mange vil nok huske han frå TV-serien "Et himla liv" som gjekk på TV2 i vår. Her vart vi kjende med Normisjon sitt arbeid i Mali. Hølje har hatt sitt arbeid i Tambaga – blant malinké-folket – som Ytre Arna kyrkjelyd har valt som sitt misjonsprosjekt. Hølje og kona er på heimeopphald dette året, og han reiser då rundt i landet for å informere og inspirere til misjonsarbeid. Frå januar 2006 er dei etter planen tilbake i Tambaga. Malinkéane er eit stammefolk i Mali på 4 millionar, og 70.000 av desse bur i områ-

det rundt Tambaga der Normisjon starta sitt arbeid i 2001. Misjonærene vart veldig godt mottatt her. Mykje positivt har skjedd på desse åra, samtidig som her ligg mange utfordringar framføre. Dette vil Hølje fortelja meir om.

Vi håpar mange vil koma denne kvelden for å bli betre kjende med arbeidet vi støttar i Tambaga.

Arr.:  
Ytre Arna sokneråd i samarbeid med  
Normisjonsforeninga i Ytre Arna



# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døpte

### Arna sokn

05.06. HALVARD NJÅSTAD VESTRHEIM  
05.06. INGRID TUNESTVEIT LOKØY  
05.06. SOFIE GRINDHEIM-HUSTVEIT  
05.06. ANDREA GRINDHEIM-HUSTVEIT  
05.06. AMALIE SALAMONSEN  
HÅVARDSTUN

12.06. LEO ALEXANDER SMØRDAL  
12.06. HELENE HEGGERTVEIT  
19.06. LINE VESETH LEVORDSEN  
19.06. DANIEL JASWANT TYSSDAL  
19.06. SONDRÉ BRATTABØ  
19.06. BREDE VIKNE  
10.07. SANDER ELVØY HANSEN  
10.07. MATHEA BLOMDAL HANSEN  
10.07. DANIEL ASKELAND LEKNESUND  
31.07. MIRIAM TVINNEREIM  
31.07. CHRISTIAN DJØNNE BAKERVIK  
07.08. TYR SØRLID TREFALL  
07.08. EMMA LEGREID  
13.08. RASMUS ENGER RØDBOTTEN  
21.08. ELIAS BERG  
21.08. KRISTIAN TAKLE MOLDSKRED  
21.08. KAREN MARIE TVEITEVÅG  
21.08. JULIE HILLAND  
21.08. TIRIL NESSE LARSEN  
21.08. MARIUS VALESTRAND NÆSS  
21.08. JONAS STORLI

### Ytre-Arna sokn

12.06. FRIDA ANDREA LARSEN  
12.06. ADRIAN ENDRESEN  
03.07. KAYA LILL KRISTIANSEN  
03.07. MARTIN ELIAS SÆTREVIK  
TORKILDSEN  
24.07. BENJAMIN HARDANG  
14.08. OSCAR OLAI SOLTVEDT

14.08. HENRIK BRATLI ÅNENSEN  
**Takvam kapell**  
29.07. RIKKE NYGÅRD  
**Trengerid kapell**  
21.08. MAIA WÅGENE SKULSTAD



## Vigde

### Arna kyrkje

04.06. Silje Marie Kalsaas og Ørjan Bergmann  
04.06. May Britt Molvik og Brynjar Haug  
18.06. Renate Margrethe Nilsson og Ronny Loftaas  
25.06. Sissel Helgeland Dale og Marius Romslo  
25.06. Rikke Helland Endresen og Eirik Sivertsen  
02.07. Marianne Flatebø og Jarle Iversen  
02.07. Silje Karin Myhr og Odd Arild Algrøy  
09.07. Mona Christensen og Kim Christopher Schulstock  
30.07. Hilde Mestad og Svein Magnus Auestad  
06.08. Marianne Almenning og Nathan Scott O'Donell  
20.08. Katrine Thunes og Øystein Nygård  
20.08. Kari Hauge og Johan Nicolaas Dijkstra  
20.08. Dagrunn Marie Sturtzel og Atle Hausvik

### Ytre-Arna kyrkje

11.06. Anita Eriksen og Viggo Brandsdal  
20.08. Monica Lund Hjortland og Arild Lund

## † Døde

### Arna sokn

02.06. MARTA HAUGLAND  
07.06. SIGNY BERTA PETTERSEN  
07.06. INGEBORG ANNY SIGURDSON  
15.06. ALFRED BERNHARD B FIVELSDAL  
22.06. HENRY LOHNE  
06.07. BJØRN ASHISH GJERDE  
08.07. JOHANNES DAGFINN LAVIK  
12.07. MATHIAS KVAMMEN  
14.07. KLARA BERGLJOT SOLBERG  
15.07. RAGNAR JENSEN  
23.08. RONNIE SKJOLDAL

### Ytre-Arna sokn

06.06. JOHANNES DALLAND  
10.06. MARIA ROLLAND  
26.07. MARTA KRISTINA PRESTHUS

## Offer

### Arna kyrkje

29.05. Kyrkjelydsarbeidet	2885,50
05.06. Kyrkjelydsarbeidet	4992,50
12.06. Norhordaland Indremisjon	3534,00
19.06. Dåpsopplæringen	5033,50
26.06. Dåpsopplæringen	3576,00
10.07. Kyrkjelydsarbeidet	2887,00
17.07. Sjømannsmisjonen	3034,00
31.07. Israelsmisjonen	3199,00
07.08. Ungdomsarbeidet	5295,00

### Ytre Arna kyrkje

12.06. Kyrkjelydsarbeidet	2060,00
03.07. Samemisjonen	1985,00
24.07. Kyrkjelyds huset	2074,00
14.08. Kirkens SOS	2683,50

## Stoff til kyrkjelydsbladet

Neste nummer av bladet kjem 2. nov.  
Frist for innlevering av stoff er 19. okt.

### ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen. E-mail: [arna.menighet@bkf.no](mailto:arna.menighet@bkf.no)  
Tlf. 55 36 22 70. Fax. 55 36 22 79. Kontoradresse: Lakslia 21, Kyrkjelyds huset, Indre Arna.  
Kontortid: Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

Soknerådsleiar Ytre Arna: Jan Skorpen, tlf. 55 24 89 72  
Soknerådsleiar Arna: Trond Kleiveland, tlf. 55 53 15 93

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 06 57. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.

## Dei tilsette i kyrkjelydane

Sokneprest Jan Kåre Jakobsen  
Ådnav. 15, 5260 Indre Arna  
Tlf. 55 24 06 86

Kapellan Arne Mulen  
Gamleveggen 8 - 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 25 73 92

Organist Arna  
Kantor Christopher David Briggs  
Pb 161 Indre Arna  
5888 Bergen  
Tlf. 55 24 40 55

### Dagleg leiar

Tove Margrete Nordmark  
Boge, 5725 Vaksdal  
Tlf. 56 59 72 01

### Kateket

Erik Rodal  
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 00 41

### Kateket

Mia Krüger  
Neset 49, 5267 Espeland  
Tlf. 98 81 08 75

### Sekretær

Benthe Vevle Birkeland  
Sørfjordveien 11c, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 73 92

### VOKT-arbeiar

Jarle Myksvoll  
97 77 61 10

### Ungdomsarbeidar Arna

Margreta Straume  
Tlf. 99 03 66 84

### Ungdomsarbeidar

Hilde Grøteide  
Tlf. 97 61 20 5

### Eitt-åring i Ytre Arna

Arne Vesetvik  
tlf. 90 95 33 76

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

Redaktøransvar dette nummer: Tove Margrete Nordmark.

Redaksjonsnemnd: Tor O. Holmefjord og Morten Pedersen.

Bladpengar: Kr. 100,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.  
Postgironr.: 7877 06 96991.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen



## Best på grupper og medarbeiderskap

Den nye kyrkjelydsprofilen for Arna kyrkjelyd klar

Kyrkjelydsbladet omtalte to gonger i vår den nye kyrkjelydsprofilen som det då var planar om å ta. "Ny helse-sjekk for Arna kyrkjelyd" var overskrifta. Tidleg i sommar var resultatet klart, og her forklarar sokneprest Jan Kåre Jakobsen litt om kva den nye profilen viser:

### Profilen frå 2002

Profilen frå 2002 hadde vist at dei svakaste sidene våre var Varme relasjonar, Utrustande leiarskap og Tenlege strukturar. Alle desse hadde verdiar under 30 – noko som er langt under "normalen" (= 50). Profilen hadde vidare vist at Arna kyrkjelyd sine sterkaste sider var Livsnære grupper, Behovsorientert evangelisering og Engasjert trusliv. Her låg verdiane på rundt 40.

Før eg kom til Arna (sommaren 2003), hadde nemnda for Naturleg kyrkjevekst reflektert ein del omkring kva som burde gjerast for å styrkja dei svakaste sidene. Dei hadde tenkt: Dersom vi tar utgangspunkt i det vi er "best på", nemleg grupper, får fleire med i grupper og får gruppene til å fungere endå betre, vil det sannsynlegvis ha positiv innverknad på relasjonane i kyrkjelyden. Dersom problemet er at folk ikkje kjenner kvarandre, må grupper vera vegen å gå.

Ein annan refleksjon nemnda hadde gjort, var denne: Dersom vi arrangerer eit seminar om nådegåver, og gjennom det hjelper folk til å finna ut kva Gud vil bruka dei til, er vi på sporet av å kunna bli betre på utrustande leiarskap. Det er viktig å ha "riktig mann på riktig plass".

### Nådegåveseminar og grupper

Vi arrangerte nådegåveseminaret i februar 2004, og starta opp med nye grupper i september 2004. I tillegg har vi i vinter arbeidd ein god del med å ta vare på, rettleia, oppmuntra og utrusta medarbeidarane. Då vi stilte spørsmålet: "Korleis ta betre vare på medarbeidarane våre?", oppdaga vi snart at

det var dårleg lagt til rette for det i Arna kyrkjelyd. Skal medarbeidarane få rettleiing og oppmuntring, må det vera nokon som gir dei dette; eller for å seia det på ein annan måte: Det må vera nokon som "ser" dei. Riktig nok kan ingen sjå alle; derimot kan alle sjå somme; og dette må vi leggja betre til rette for. Vi fann med andre ord ut strukturane i kyrkjelyden måtte gjerast meir tenlege på dette området, og vi skjønna at det var ein samanheng mellom utrustande leiarskap og tenlege strukturar. Vi har tenkt ein god del, snakka mykje – og gjort litt.

### Profilen av 2005

Og i mai tok vi altså ny profil, og eg overdriv ikkje når eg seier at vi var veldig spente på resultatet: Har dei konkrete tiltaka vi har gjennomført, hatt "effekt" på den måten at det er moeleg å lesa det av på profilen? Utan tvil er svaret "ja". Alle 8 kvalitetane (dei 6 som er nemnde ovanfor + Nådegåvebasert teneste og Inspirerande gudsteneste) var blitt høgare, men det var merkbar større vekst på dei område der vi hadde gjort konkrete tiltak. Aller tydeligast er det på Livsnære grupper, som har stige med 35 poeng til 75 – godt over "normalen". Men både Utrustande leiarskap, Nådegåvebasert teneste, Tenlege strukturar og Varme relasjonar har blitt merkbar betre (vekst på mellom 19 og 27 poeng). Alle ligg no på normalnivå.

Arna kyrkjelyd sine svakaste sider i fylgje den siste profilen er Inspirerande gudsteneste og Behovsorientert evangelisering (begge 44, litt under normal). Strategien går då ut på å leggja til rette for Guds vekstlover på desse områda. Men i haust vil vi framleis konsentrera oss korleis vi kan ta betre vare på medarbeidarane våre – både dei frivillige og dei løna – utarbeida system og rutinar for rettleiing og oppfylgjing. På nyåret vil vi så arbeida meir konkret med dei nye minimumsfaktorane, og i fyrste omgang gudstenesta.

## KYRKJESKYSS



Våren 2005

### ARNATVEIT/INDRE ARNA/ YTRE-ARNA-VEGEN

11.09.05	Odd Kjos	55 24 17 82
18.09.05	Erling Osland	55 24 09 34
25.09.05	Jostein Monstad	55 24 32 20
02.10.05	Odd Kjos	55 24 17 82
09.10.05	Erling Osland	55 24 09 34
16.10.05	Jostein Monstad	55 24 32 20
23.10.05	Odd Kjos	55 24 17 82
30.10.05	Erling Osland	55 24 09 34
06.11.05	Jostein Monstad	55 24 32 20

### HAUKELAND

11.09.05	Ingrid Hope	55 95 01 11
18.09.05	Gerd Borge	55 24 17 44
25.09.05	Olaug Lyhammer	55 24 00 21
02.10.05	Sverre Myklebust	55 24 29 05
09.10.05	Ingrid Hope	55 95 01 11
16.10.05	Gerd Borge	55 24 17 44
23.10.05	Olaug Lyhammer	55 24 00 21
30.10.05	Sverre Myklebust	55 24 29 05
06.11.05	Ingrid Hope	55 95 01 11

### TUNES / GARNES

11.09.05	Kari Claussen	55 24 12 20
18.09.05	Malvin Klementsens	55 24 29 56
25.09.05	Ragnar Aabrekk	55 24 25 27
02.10.05	Leidulf Almenning	55 24 25 52
09.10.05	Kari Claussen	55 24 12 20
16.10.05	Malvin Klementsens	55 24 29 56
23.10.05	Ragnar Aabrekk	55 24 25 27
30.10.05	Leidulf Almenning	55 24 25 52
06.11.05	Kari Claussen	55 24 12 20

## Kirkens SOS trenger flere medarbeidere!

Vi trenger flere frivillige medarbeidere, og starter derfor nytt kurs i samtaleferdigheter og krisehåndtering i september. Kurset går på mandagskvelder med kursstart **19. september 2005**. Medarbeiderne har vakt ca. hver 12. dag, og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten.

For å bli med må du være over 20 år. Oppgaven er å lytte til innringer, og tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Medarbeidere skal ikke finne løsninger eller "gode råd".

Velkommen til et godt fellesskap og en viktig og meningsfull tjeneste!

Ring oss på tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 480 35 841 kveld og helg.

Du finner mer informasjon på [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)



### DET VERT SUNDAGSSKULENS DAG

i Takvam kapell

søndag 11. september kl 16:00

VELKOMEN

## Basar

til inntekt for kyrkjelydshuset.

**30. september kl 18.00**

**i kyrkjelydshuset**

Gevinstar kan leverast på kyrkjekontoret eller til Alise Bjørnstad eller Reidun Leknessund

Arr: Ytre Arna sokneråd

### TAPT OG FUNNET

- Babybegg – gul og blå
- Gulvlysestake
- Tursekk – grønn og svart
- Nøkkelhank

Du kan ta kontakt med kyrkjekontoret i Arna om du savner noko av dette.  
Tel: 55362270

## Barnevakt ønskes!

På grunn av mye ttermiddag, kveld og helge arbeid trenger jeg en barnevakt til min datter på 31/2 år noen ganger i uka. Det kreves ikke mye av deg: Du må være over 15 år og like å passe barn. Om du er gammel eller ung, mann eller kvinne og kunne tenke deg å tjene litt ekstra så ta kontakt med kateket **Mia Krüger** på telefon: **92 81 08 75**



# ARNA GRAVFERDSBYRÅ AS

Kåre Bj. Hopes eftf.

Døgnvakt tlf. 55 24 08 08

Står til teneste med alt ved dødsfall  
i Arna, Osterøy og omegn.



**SAMDALS** 55 90 19 80 hele døgnet  
BYRÅ Kommer også hjem for samtale.  
JONSVOLLSGATEN 1 J. Teigland – M. Hamre

**as Sarepta Blomster**

Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

Vi utfører alle oppdrag innen  
blomsterdekoratørfaget

## Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i Arna  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT  
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris

## FØRERKORT KL. B

– Fornøyde kunder  
– Trygge sjåførere

Tlf. 55 27 15 12/92 26 66 33



ERIK  
STEPHANSEN  
TRAFIKKSKOLE



VAKSDAL BLOMSTER  
OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.  
Kransar, oppsatsar og båretbukettar fritt  
levert til  
Gravferda. Vi leverer og gravmonument.  
Tlf. 56597470- mob.91179766  
Einar Mjelde  
Tlf. privat 56597443

Kranser, buketter,  
opsatsar

TLF. 55 24 08 09

Espeland Gartneri

Arthur Hope

Unnelandsvegen 540, 5260 Indre Arna

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,  
konfirmasjon og barnedåp.

**Kleveland A.S**  
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Frøydís  
SALONGEN

Garnesv. 108, 5234 Garnes  
Tlf.: 55 39 01 40

Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir  
trygghet  
10 % for pensjonister alle dager.



Din lokale  
storbank  
i Arna!

Nordea

Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

## Solberg Elektro

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Vi utfører elektroinstallasjon i bolig,  
industri og service.

Gratis befaring, god service

Telefon: 41809620



# Velkommen til kyrkje

## Søndag 11.09.05

17. SUNDAG ETTER PINSE

### ARNA KYRKJE. kl. 11:00

JAN KÅRE JAKOBSEN  
Nattverd Bønevandring

### YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00

ARNE MULEN  
Familiiegudsteneste  
Søndagskolens dag.  
Takkoffer til  
Bergen søndagsskolekrets  
Barnegospel, 4-års bok

### TAKVAM KAPELL kl 16:00

ARNE MULEN  
Søndagsskulens dag

## Søndag 18.09.2005

18. SUNDAG ETTER PINSE

### ARNA KYRKJE. kl. 11:00

ARNE MULEN/  
TRYGVE BERGEM (NLA)  
Dåp Takkoffer til Norsk  
Lærerakademi.

### TRENGEREID KAPELL. kl. 11:00

JAN KÅRE JAKOBSEN  
Konfirmantpresentasjon

## Søndag 25.09.2005

19. SUNDAG ETTER PINSE

### ARNA KYRKJE. kl. 11:00

AUDUN MAGNE STØLÅS OLAV  
Nattverd Takkoffer til VIRSE  
kyrkjelydsarbeidet.

### YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00

ARNE MULEN  
Nattverd Takkoffer til NLA.  
50-årskonfirmantar,  
Kammerkoret

## Onsdag 28.09.2005

HAUSTTAKKEFEST

### TRENGEREID KAPELL. kl. 11:00

ARNE MULEN  
Hausttakkefest. 4-års-bok

## Søndag 02.10.2005

20. SUNDAG ETTER PINSE

### ARNA KYRKJE. kl. 11:00

JAN KÅRE JAKOBSEN  
Dåp Takkoffer til Familie og  
medier. 50-årskonfirmantar.

## Søndag 09.10.2005

21. SUNDAG ETTER PINSE

### ARNA KYRKJE. kl. 11:00

ARNE MULEN Nattverd  
Takkoffer til Arna kyrkjelyd/dåps-  
opplæring. Soknerådsva

### YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00

JAN KÅRE JAKOBSEN/  
K. RØNNESTAD  
Nattverd. Musikklaget.  
Takkoffer til Sjømannsmisjonen.  
Soknerådsva.

## Søndag 16.10.2005

22. SUNDAG ETTER PINSE

### ARNA KYRKJE. kl. 11:00

ARNE MULEN Høsttakkefest  
Dåp Takkoffer til Norges KFUK-  
KFUM. Soknerådsva

### TRENGEREID KAPELL. kl. 11:00

JAN KÅRE JAKOBSEN  
Soknerådsva

## Søndag 23.10.2005

23. SUNDAG ETTER PINSE

### ARNA KYRKJE. kl. 11:00

AUDUN MAGNE STØLÅS  
Nattverd Takkoffer til  
Arna kyrkjelyd/kyrkjelydsarbeid.  
Kammerkoret

### YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00

ODD SVERRE HOVE/MORTEN  
RASMUSSEN (NLA)  
Nattverd Takkoffer til NLA.

## Søndag 30.10.2005

BOTS- OG BEDEDAG

### ARNA KYRKJE. kl. 11:00

JAN KÅRE JAKOBSEN  
Takkoffer til Misjonshøgskolen.